



BERGEN RIDEKLUBB
Postboks 72 Blomsterdalen
5868 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Tilsyn - Inspeksjonsrapport - Bergen Rideklubb - komposteringsanlegg - Bergen

Kontrollnummer: 2023.201.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Lisa Birkeland

Tore Birkeland

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Toril Marie Mulen

Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bergen Rideklubb. Vi var på synfaring på anlegget på Sletten Gård/Bergen Rideklubb den 6. november 2023, med påfølgande digitalt tilsyn den 23. november 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 2 avvik og ga ingen merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har manglar i internkontrollen
2. Verksemda stettar ikkje alle krav i løyvet

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Toril M Mulen
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE

Postboks 7700

5020

BERGEN



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Bergen Rideklubb	
Organisasjonsnr.: 972344435	Eigd av: 970007849
Bransjenr. (NACE-kode): 93.120 Idrettslag og klubber	

Kontrollert eining

Namn: Bergen Rideklubb komposteringsanlegg	Anleggsnr.: 4601.0874.01
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Biologisk behandling av org. avfall	
Løyve gitt: 01.07.2021	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Vilkår i løyvet til drift av avfallsanlegg datert 1. juli 2021
- Internkontroll med vekt på miljørisikovurdering, avvikshandtering og rutinar
- Utsleppskontroll til luft, vatn og støy
- Handtering av avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Bergen Rideklubb pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. mars 2024** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknaden er vurdert, eventuelt korleis den vil verte følgd opp.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 23. november 2023. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Bergen Rideklubb betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. Forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp* www.norskeutslipp.no.



6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har manglar i internkontrollen

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket

Verksemda skal kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.

Observasjonar

Verksemda manglar ei risikovurdering for ytre miljø.

Verksemda manglar ei luktrisikovurdering.

Verksemda manglar ei skriftleg rutine for handtering, lagring og levering av farleg avfall.

Verksemda kan ikkje vise til skriftlege avvik på ytre miljø. Vi saknar at verksemda har ei rutine for kva verksemda reknar for å vere avvik knytt til ytre miljø.

Avvik 2: Verksemda stettar ikkje alle krav i løyvet

Avvik frå: Løyvet datert 1. juli 2021:

- **Punkt 3.1.1 i løyvet**
- **Punkt 3.1.2 i løyvet**
- **Punkt 4.2.2 i løyvet**

Punkt 3.1.1 og 3.1.2 i løyvet: Overvatn kan føre med seg organisk materiale frå uteområdet og ut i Slettepollen, og det er ikkje ønskjeleg. Derfor må verksemda gjere tiltak for å unngå dette.

Slettepollen er ein grunn brakkvasspoll med snevert utløp og dårleg utskiftning av vassmassane. Denne pollen bør ikkje få tilførsel av meir næringssalter frå land. Dersom det blir ytterlegare tilførsel av organisk materiale til Slettepollen kan ein få anaerobe forhold og plagsom lukt.

Observasjonar

Under kontrollen observerte vi at det ligg hestemøkk iblanda strø utanfor containeren på bakken, og delvis uti brakkvasspollen Slettepollen. Sjå bilete vedlagt.



Punkt 4.2.2 Luktrisikovurdering

Jamfør løyvet punkt 4.2.2 skal det gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med anbefalingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar TA 3019/2013 Regulering av luktutslepp i løyver etter forureiningslova.

Observasjon:

Bergen Rideklubb har ikkje ei luktrisikovurdering.

7. Merknader

Vi gav ingen merknader under kontrollen.

8. Andre forhold

Rubbhall til kompostering av hestemøkk

Bergen Rideklubb har hausten 2023 fått opp rubbhall for å kompostere hestemøkk frå eigen stall. Dekket i rubbhallen er asfalt. Det er fall inn mot midten av asfalten. Det er laga til sluk inne i rubbhallen med oppsamling av vatn til tett kum. Det oppsamla vatnet kan førast tilbake til komposteringsrankane.



Om lag 50 hestar per no

Det er oppstalla om lag 50 hestar per no ved Bergen Rideklubb.

Strø

Det vert brukt flis og høvelspon frå Granvin og flis frå Hardanger bygg i Hardanger som strø.

Mattilsynet

Vi oppmodar Bergen Rideklubb til å ta kontakt med Mattilsynet for å avklare eventuelle løyver som trengst i samband med omsetning av ferdig kompost.

Avsetning av ferdig kompost

Bergen Rideklubb opplyste under kontrollen at dei har avtale med anleggsgartnar Wikholm om avsetning av ferdig kompost.

Bilete frå synfaringa ved Bergen Rideklubb sitt anlegg på Sletten Gård i Bergen:



Det vart sagt under kontrollen at høy/silo frå kasserte rundballar skal inn i komposteringsprosessen. Plasten vil bli sortert ut og levert til godkjent avfallsmottak.



Biletet viser innsida av rubbhallen som er sett opp for å kompostere hestemøkk frå Bergen Rideklubb ved Sletten Gård. Vatnet som ligg på asfalten er regnvatn. Det vart sagt under kontrollen at det vert gjort tiltak for å hindre at regnvatn kjem inn utanfrå.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensnig av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren